

Ei rystande oppleving

20.03.2011



Å køyra fylkesvegen på Døslandssido frå Kapteinsgarden til Haugland har i mange år vore ei bokstaveleg tala rystande oppleving. Vegen er sterkt oppsprukken og får frå tid til annan hol både her og der.

Difor er gleda no stor over at vegen endeleg har fått plass på asfalteringsprogrammet for denne sommaren.

No får vi berre håpa at Statens Vegvesen held ord og forsyner strekninga med eit nytt, solid asfaltlag som kan vara i mange år.

Dette aktuelle 'portrettet' av vegen er teke ved Feet.

(Foto: Ola Matti Mathisen)